



Odd Johannes Gaustad
Gaustad 42
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1897 - 19/25636

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
12.12.2019

Melding om lågt nivå i septiktank - GBNR. 39/33

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følge opp meldingar om mogeleg/fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 09.12.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om at det ved tømning av tanken den 25.11.2019 vart registrert lågt nivå i septiktanken på eigedommen. Lågt nivå kan bety at det er lekkasje frå tanken.

Lekkasjen må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken.

For å få utbeta septiktanken må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre dette arbeidet.

Dersom lekkasjen allereie er utbeta ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnere det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 39-33 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Odd Johannes Gaustad

Gaustad 42

5918

FREKHAUG